

Høyringsinvitasjon og mal for høyringssvar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøying av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøying av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyrings- instans (svarar)	Institutt for lærarutdanning, HiSF
Prosess	
Innspel	
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Tilbakemeldingar frå institutt for lærarutdanning ved HiSF tilseier at fagtilsette ikkje er nøgde med namn på kategori 2 "Danning, kultur og samfunn". Det er og ei tilbakemelding at fleire omgrep i teksten er overordna og upresise for dei utdanningane som fell inn under kategorien. Vi nemner td. Danning og allmenndidaktikk.</p> <p>Kategorinamnet bør innha ordet "læring". Grunnskulelærarutdanninga finn seg ikkje til rette i begrepet danning. Generelt tykkjer vi at lærarutdanningane, som er store i HVL, er gøymt vekk i teksten, og kjem ikkje godt nok fram i profilomtalen. Instituttet reagerer på at enkelte profilområde har fått betrakteleg meir plass i dokumentet enn andre. Dette tykkjer vi lite om. Vi ønskjer her også å nemne at vi i delleveranse 1 savnar læringsforskning og idrettsforskning i pkt 3.4.2.2. Lærande regionar kunne også vore nemnde her.</p>
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Instituttet savnar meir omtale av tverrfaglege satsingsområder knytt til lærarutdanningane. Tverrfagleg og multidisiplinær forskning som Lærande Regionar viser at det er potensiale. Innanfor lærarutdanningane er potensialet for longitudinell forskning stort.</p> <p>Eit nytt forslag til tverrgåande satsingsområde: Livslang læring</p>
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Ei slik arbeidsgruppe må vere tverrfagleg og representert med alle fakultet og campus</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
Andre merknader	Kommenter ut frå egne behov